

ÅRSMELDING 2019

Knarvik sokneråd



Knarvik kyrkje 5 år



INNLEIING

Den største endringa i 2019 er at Lygra, Seim og Alversund sokneråd blei slått saman til Knarvik sokneråd. Denne årsmeldinga vil difor ha tre deler, ein del for kvar av dei gamle sokna.

NY KOMMUNE OG NYTT FELLESRÅD

Etableringa av Alver kommune og dermed Alver kyrkjelege fellesråd framskunda ei samanslåing av sokneråda. I eit kyrkjeleg fellesråd er alle sokneråd i kommunen representerte. I Meland og Radøy var det eitt sokneråd i kvar kommune. I Lindås var det 7 sokneråd. Dette ville gitt ei skeiv samansetning av det nye fellesrådet. I Alver kyrkjelege fellesråd er det no tre valde representantar frå gamle Lindås kyrkjelege fellesråd og to frå dei andre områda, i tillegg til ein kommunal representant og ein geistleg representant, som er prost.

Kyrkja i Alver hadde stand på Alverdagen i Knarvik arena laurdag 19. oktober. Frivillige lag og organisasjonar fekk presentere seg og det var program frå scena, mellom anna av Alversund kammerkor.

UTGÅANDE SOKNERÅD I ALVERSUND:

Laila Tvedt	Leiar
Tove Sneås Skaug	Nestleiar og skrivar
Harald Osland Øvretveit	Representant i Lindås kyrkjelege fellesråd
Tove Legernes	Representant i byggekomité for sokkeletasje i Knarvik kyrkje
Bjørn Eirik Hjørnevik	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus
Kjersti Hodnekvam	Representant for Fjon Fjellkyrkje
Jannicke Kvamme Krüger	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshuset
Terje Øpstebø	Representant i kyrkjelydsbladet Kyrkjekontakten
Ivar Atle Skaar	Medlem
Ingunn Dale	Medlem
Mary Hosøy	Varamedlem
Geir Øy	Sokneprest

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte eller kontakt i forkant av kvart soknerådsmøte.

UTGÅANDE SOKNERÅD I SEIM:

Rannveig Furelid	Leiar
Kjersti Linn Bakke Hopland	Nestleiar
Kåre Bjarne Leivestad	Kasserar og representant i Lindås kyrkjelege fellesråd
Børge Romarheim	Sekretær
Ranveig Vatne	Medlem
Åse Kaland	Medlem
Inge Arnulf Hjelmtveit	Medlem (fram til han flytta ut av soknet våren 2019)
Pål Martin Hjelmtveit	Medlem (har hatt permisjon heile året)
Nils Jarve Eikanger Skaar	Varamedlem
Karl Magnus Valle	Varamedlem
Turid Helena Hella Totland	Varamedlem
Torbjørn Sæle	Spesialprest

UTGÅANDE SOKNERÅD I LYGRA:

Øystein Veland	Leiar
Johan Lygre	Medlem i Lindås kyrkjelege fellesråd
Laila Mehl	Sekretær
Mona Langenes	Kasserar
Geir Øy	Sokneprest

NYTT SOKNERÅD FRÅ 1. NOVEMBER:

Tove Sneås Skauge	Leiar
Janicke Gruehagen Lyngøy	Nestleiar. Misjonskontakt. Repr. trusopplæringsutval.
Hege Kristin Brekke	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Kåre Jordal	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus
Rannveig Furelid	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Ole Danbolt Hagesæther	Representant i Alver kyrkjelege fellesråd. Repr. Kirkens SOS.
Maria Fosse Romarheim	Representant i Husnemnda, vararepr. Fjon Fjellkyrkje
Laila Mehl	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Lars Edvard Olsen Hjelmtveit	Vararepr. Alver kyrkjelege fellesråd. Representant for Fjon Fjellkyrkje. Repr. Kirkens SOS.
Kristine Myrene Bleikli	Kontakt Kirkens Nødhjelp
Jorunn Skaar	Varamedlem
Øystein Veland	Varamedlem
Marie Therese Vabø	Varamedlem
Bente Natasja Zahl Røskeland	Varamedlem
Astrid Skaar Andersen	Varamedlem
Geir Øy	Sokneprest

DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN PR. 31.12.19:

Synnøve Bjørndal	sekretær	60 % (samt 20% prostesekretær)
Odd Leif Mjøs	kantor	100 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	trusopplærer	80% stilling
Kristine Rykkje Hopland	trusopplærer	80% stilling
Torbjørn Sæle	spesialprest (barn, unge, unge familiar)	100% stilling
Geir Øy	sokneprest	100 % stilling
Bjørn Furukawa	kyrkjetenar	100% stilling

Synnøve Bjørndal har vore kasserar betalt av sokneråd. Frå 2020 er Synnøve Bjørndal tilsett av Alver kyrkjelege fellesråd som dagleg leiar i 80 % stilling og har som ein del av stillinga å vere kasserar og sekretær for soknerådet.

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50% stilling. Han høyrer til staben i Knarvik kyrkje, og deltek aktivt i kyrkjelyden, samstundes som han gjer teneste i andre kyrkjer i prostiet.

Prost Helge Taranrød har kontor plass i Knarvik kyrkje.

STATISTIKK ALVERSUND/ KNARVIK:

	2019	2018	2017	2016	2015
Gudst. søn- og heilagdag:	68	69	72	69	64
Dåp:	61	48	67	55	79
Konfirmantar:	51	66	58	58	78
Vigsler:	12	13	13	6	10
Gravferder:	49	39	37	50	33

Gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på søn- og heilagdag:

	2019	2018	2017	2016	2015
Soknet under eitt	138	136	139	142	144
Knarvik kyrkje	142	139	147	154	146
Alversund kyrkje	126	129	122	114	140

Gjennomsnittleg nattverddeltaking på søn- og heilagdag:

	2019	2018	2017	2016	2015
Soknet under eitt	77	96	78	81	78

STATISTIKK SEIM:

	2019	2018	2017	2016	2015
Gudst. søn- og heilagdag:	15	17	16	16	16
Dåp:	7	7	10	15	5
Konfirmantar:	11	15	9	14	12
Vigsler:	2	4	1	1	3
Gravferder:	9	4	9	10	10

Gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på søn- og heilagdag:

	2019	2018	2017	2016	2015
	77	95	93	108	83

Gjennomsnittleg nattverddeltaking på søn- og heilagdag:

	2019	2018	2017	2016	2015
	26	34	33	20	30

STATISTIKK LYGRA:

	2019	2018	2017	2016	2015
Gudst. søn- og heilagdag:	6	7	8	11	9
Dåp:	3	2	7	3	4
Konfirmantar:	5	3	3	4	4
Vigsler:	1	0	2	1	2
Gravferder:	5	2	3	2	5

Gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på søn- og heilagdag:

	2019	2018	2017	2016	2015
	77	79	78	65	82

Gjennomsnittleg nattverddeltaking på søn- og heilagdag:

	2019	2018	2017	2016	2015
	0	0	110	10	30

MELDING OM ARBEIDET I KYRKJELYDEN I LYGRA

Gudstenesteforordninga for Lygra kyrkje seier at det skal vere fem gudstenester i året. Tre av desse ligg til faste dagar eller hendingar, konfirmasjon, 17. mai og julafta. Dette er godt besøkte gudstenester. I september er det gudsteneste med konfirmantpresentasjon og utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringane. Etter å ha vore skipa til kl. 1330, slik at dei tilsette kan ha gudsteneste på Seim kl. 11, blei denne gudstenesta lagt til kl. 11 i september. Det blir lagt opp til at det er gudsteneste med dåp ein gong kvart kvartal. I første og fjerde kvartal blir slike gudstenester lagt til kl. 13.30, og dåpsfamilien får kome med ønske om dato. I desember er det lysmesse for konfirmantane frå Lygra og Seim på Lygra.

Medlemmene i soknerådet har delt på oppgåvene som kyrkjevertar og medliturgar.

Soknerådet har ordning med blomehelsing kvart 5. år til kyrkjemedlemmar over 75 år.

MELDING OM ARBEIDET I KYRKJELYDEN I SEIM

Ordninga med regelmessige gudstenester 2. sundagen i månaden er oppretthalde. Oppmøtet har vore noko lågare enn året før. Konfirmantar har delteke som kyrkjevertar, med bidrag til kyrkjekaffi og i enkelte andre gudstenesteoppgåver på dei fleste gudstenestene. Kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste har blitt eit fast og godt bidrag. Som i 2018 vart det invitert til medarbeidarfest i Borgstova, denne gong med Sysiske Delikatesser på menyen.

Etter ei tid med søndagsskule i Borgstova under dei fleste gudstenester, er dette tiltaket avvikla og erstatta av ein fin leikekrok bak i kyrkja, samt oppgradering av kjellarrommet. Med støtte frå soknerådet vert det arrangert «søndagsskule» på måndagar i Seim bedehus med god oppslutnad. Ungdom på Seim (UPS) er eit godt tilbod for konfirmantar og andre ungdommar.

I mars var det songkveld i kyrkja med temaet kvinnelege salmediktarar.

Juni-gudstenesta i Bøkeskogen er ein god og over 30 år lang tradisjon med godt oppmøte. Fine bidrag frå Skala Brass Band og Alversund kammerkor og godt samarbeid med Vollom indremisjon.

Seim sokneråd har i fleire år hatt misjonsprosjekt i Etiopia gjennom NMS, og har også samarbeida med Israelmisjonen om ei årleg gudsteneste. I september vart det arrangert tur etter gudstenesta, med middag i Borgstova til inntekt for misjonsprosjektet gjennom NMS i Etiopia. Det er totalt samla inn kr. 29 941 til misjonsprosjektet i 2019.

Andre tiltak i Seim sokn i 2019:

- Fasteaksjonen er gjennomført tysdagen før påske.
- Det vert gjeve ei helsing til dåpsborna med bilete av Seim kyrkje og velsigninga.
- Utdeling av 4-årsbok.
- Utdeling av Biblar til 5. klasse-elevar.
- Fortsatt roseprosjektet: Alle som fyller 80 år og oppover i Seim sokn får ei rose.
- I oktober var 50- og 60-årskonfirmantane med på gudstenesta.
- I desember vart det arrangert julegudsteneste for Seim skule. Barnehagen deltok på julevandringa i Knarvik kyrkje.
- I desember vart òg dei tradisjonsrike konsertane til Seim musikklag og Seim songkor arrangert i kyrkja.

MELDING OM ARBEIDET I KYRKJELYDEN I KNARVIK OG ALVERSUND

Knarvik kyrkje markerte femårsjubileum første søndag i advent, 1. desember. Jubileumsmarkeringa starta med ein bibelkveld. Kvelden etter var skodespelar Svein Tindberg i kyrkja med forestillinga «Som skrive står». Sidan blei heile Det nye testamentet lest på ettermiddags- og kveldstid. Etter gudstenesta på søndagen var det kyrkjemiddag. Det er med stor takksemd at kyrkjelyden hadde jubileum. Det har vore fem år med endring i kyrkjelydsarbeidet.

GUDSTENESTER

Den største hendinga i første halvår var dei tre gudstenestene som blei overført på NRK radio og TV. Dette var eit felles løft både for eigen kyrkjelyd og for fleire av nabokyrkjelydane. Dei tre gudstenestene blei spelt inn i løpet av palmehelga. Det blei ei stor oppleving for kyrkjelyden.

Palmesundag: Eit felles barnekor deltok saman med Bjarte Leithaug og musikarar. Det var dåp i gudstenesta. Geir Øy preika og tok fram fem gjenstandar som kunne seie noko om palmesundagen. Mellom desse var eit nordhordlandsåkle.

Langfredag: May Sissel Rismyhr Jansen og musikarar deltok. I preika la Magne Bjørndal vekt på at Jesu død på krossen viser alle som lir og vert mishandla, som kjenner seg åleine og utestengde at om ingen andre tek dei på alvor, så gjer iallfall Gud det. Torbjørn Sæle hadde minnetale om Jesu liv.

1. påskedag: Eit felleskor deltok på opnings- og utgangssalme, arrangert av William Kay. Han var organist på alle tre gudstenestene. Knarvik Gospel deltok. Torbjørn Sæle preika om at Jesus stod opp og at vi kan stå opp for nokon som treng oss.

KnarvikMila og Knarvik kyrkje samarbeidde for første gong om ei solidaritetsgudsteneste søndag 25. august. Hilde Frafjord Johnson bidrog i tillegg til Bjarte Leithaug, Eddie Ebbesvik og Geir Øy kl. 19 i Knarvik kyrkje. Temaet var: «Ansikt til ansikt med verda og vår neste».

Regelen er at det er gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søn- og heilagdag. Det er gudsteneste i Alversund kyrkje siste søndag i månaden, i tillegg til konfirmasjon, 17. mai, minnegudsteneste og julaftan. Den siste søndagen i månaden er det kveldsgudsteneste i Knarvik kyrkje.

Det er tilbod om dåp i Knarvik dei sundagane det ikkje er gudsteneste i Alversund eller i Seim kyrkje. Det er då tilbod om dåp nesten kvar søndag i ei av dei tre kyrkjene.

Talet på gudstenestedeltakarar er nokså likt samanlikna med 2018.

I haustsemesteret var det søndagsskule og Juniorgruppe på utvalde gudstenester, etter at søndagsskulen har lege nede i ei tid.

Talet på gudsteneste-medhjelparar i soknet er om lag 55 personar.

BØNNEGRUPPE

Måndagar frå kl. 1745 til 1830 er det bønnesamling i kapellet. Tre til seks personar deltar på desse samlingane.

TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Det er tilbod om babysong for 0-2 åringar måndagar i skuleåret i Knarvik kyrkje.

Trusopplæringsplanen seier at det skal vere ei breiddesamling for kvart årskull.

Det var ikkje egne samlingar for 6-åringar, men to førsteklassingar blei inviterte til gudsteneste i samband med skulestart. For inneverande år vil det bli ei breiddesamling for førsteklassingar ved skulestart.

Desse breiddetiltaka er alt innarbeidde frå før:

- To gonger i året blir 4-åringar inviterte til familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok».
- 8-åringar blir inviterte ein laurdag til Tårnagent-samling og deltaking på gudstenesta dagen etter.
- 11-åringar blir inviterte til arrangementet «Lys vaken» frå laurdagen før første søndag i advent, med overnatting i kyrkja, og deltaking på gudstenesta søndagen.

Målet er at det skal vere eit breiddetiltak for kvart årskull, og alle døypte barn blir inviterte til desse samlingane. Det er ein plan for kva bibelhistorier borna skal møte på dei ulike samlingane.

KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantarbeidet er i eit godt spor. Etter presentasjonsgudstenesta møtte konfirmantane til ein leir for konfirmantar frå ulike stader i bispedømmet. Denne leiren var lagt til Nordhordlandshallen for første gong. Nytt år året er at mesteparten av undervisninga skjer i mindre grupper i Kyrkjekjellaren etter skuletida. Konfirmant-weekend i Sætervika i januar er ei viktig helg med mange gode tilbakemeldingar. Konfirmantane deltar i Kirkens Nødhjelp sin årlege innsamlingsaksjon like før påske. Kvar konfirmant deltar på eit kontinuerleg tiltak for ungdomar i kyrkja, i eit av bedehusa eller på KRIK i Nordhordlandshallen.

KOR-ARBEID

Det er seks kor i soknet. Tre barnekor øver i Alversund kyrkjelydshus. Det er Solstrålen for dei yngste, SingSingeling som dekkjer dei første årsklassane i barneskulen. SingOut er for dei eldste årsklassane i barneskulen. I Knarvik kyrkje øver Knøttekoret som er for dei yngste barna.

Knarvik Barnegospel og Ungdomskoret Remedy har blitt lagt ned i løpet av året. For dei to kora var det dels leiarsituasjonen og dels synkande oppslutning som førte til avvikling.

Vaksne har tilbod om å vere med i Knarvik Gospel under leiing av Eli Eidsnes og Alversund kammerkor under leiing av Odd Leif Mjøs.

UNGDOMSLØRDAG

Annankvar laurdag er det Ungdomslørdag i Kyrkjekjellaren med felles måltid, aktivitetar og leikar, andakt og bønnevandring. Tilbodet er frå 8. klasse og oppover og ein av aktivitetane konfirmantane kan velja å vera med på.

KOM INNOM

Det er «Kom innom» ein gong i månaden med vaflar og kaffi; ein uformell møteplass på kyrkjjetorget. Barnekolet som øver i kyrkja nyt godt av «Kom innom».

KYRKJEKLUBBEN

«Kyrkjeklubben», som er for menneske med utviklingshemming, har samling første måndag i månaden. Det er om lag 15 deltakarar og like mange følgjepersonar som kjem på klubben. Klubben har vist seg å dekke eit behov hos ein del brukarar som ikkje kan nytte seg av andre tilbod. Tiltaket er eit samarbeid mellom Osterfjorden sokneråd og Alversund sokneråd. Ein klubb-kveld er delt i tre. Det er først ei samling med song og underhaldning, sidan kveldsmat og til sist ei kort gudsteneste i kyrkjerommet.

HUSGRUPPER

Det er fire bibelgrupper eller husgrupper i kyrkjelyden. Tre grupper samlast i heimane og ei gruppe i Alversund kyrkjelydshus. To grupper består av unge vaksne frå Meland og Knarvik og er eit samarbeid med Meland kyrkjelyd. Desse gruppene samlast kvar veke.

MISJONSPROSJEKT

Soknerådet har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Estland.

HUSNEMND

Soknerådet har sett ned ei husnemnd som tar føre seg praktiske spørsmål knytta til Knarvik kyrkje. Sidan gruppa blei oppretta har ho mellom anna sørga for:

Lyddempande gardin i kyrkjerommet og på kyrkjetorget, skap til liturgiske klede i prestesakristiet, ei avlastningshylle på veggen bak døypefonten, INFOskjerm ved inngangen, møbel til miksepult, solskjerming i Kyrkjekjellaren, møblering av møterommet i Kyrkjekjellaren. Det er søkt biskopen om å få lage til eit lerret som kan hengast opp på fondveggen ved behov. Ei gruppe frå Burkhovdane har på oppdrag frå husnemnda sørga for beplantning framfor hovudinngangen og første stykket langs vegen til parkeringsplassen.

LYDGRUPPE

Lydanlegget i kyrkjerommet har vist seg ikkje å dekke dei behova som kyrkjelyden har. Soknerådet sette difor ned ei lydgruppe som har kjøpt inn nytt lydutstyr. Det nye utstyret skal dekke behovet i det daglege, samt dekke behovet for konsertar som kyrkjelyden sjølv arrangerer. Lydutstyret vil kunne leigast av eksterne konsert-arrangørar, om dei kan stille med kyndig personell. Det er ikkje avgjort kva som skal skje med lydanlegget som var nytt då kyrkja var ny.

SAMARBEID BARNEHAGE - SKULE – KYRKJE

For andre gong blei det invitert til julevandring for barnehagane i Knarvik kyrkje. Manuset blei litt utvida frå første runde. Borna fekk leva seg inn i juleforteljinga og vandra gjennom kyrkjerommet og fram til stallen ikledd enkle kostymar. Bjørg Antoniazzi sydde tre kostymer til dei vise menn. Dei tilsette i barnehagane gav svært god tilbakemelding på dette tiltaket.

I desember var det til saman 5 skulegudstenester i Alversund kyrkje og Knarvik kyrkje. Samarbeidet med skulane er godt.

Det har også vore enkelte besøk frå skule og barnehage i kyrkjene våre.

ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

For soknerådet er det viktig framleis å ha merksemd retta mot Kyrkjelydshuset i Alversund. Det er å sjå som «arbeidskyrkja» i den delen av soknet der eit fleirtal av befolkninga bur. 3 barnekor – Solstrålen, Sing Singeling og Sing Out – øver fast i kyrkjelydshuset. Speidarane har også fast aktivitet der. Det er jamleg eldretreff, kalla Kaffikos, som den eldre kyrkjeriingen står for. Kyrkjeriingane sitt arbeid er her av stor verdi. Den årlege basaren i februar samlar fullt hus og gjev eit godt bidrag til drifta. Soknerådet er representert i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus, og ser positivt på at økonomien i kyrkjelydshuset er solid.

SAMARBEID MED KYRKJELYDAR OG ORGANISASJONAR

Den 17. februar var det felleskyrkjeleg gudsteneste i Knarvik kyrkje. Det var eit stort barneopplegg i kyrkjekjellaren parallelt med gudstenesta. Ei rekkje kyrkjelydar og forsamlingar stod bak arrangementet, som til saman samla om lag 520 i kyrkjerommet og 190 i Kyrkjekjellaren.

På olsok-kvelden er det felles gudsteneste for alle kyrkjelydane i prostiet på Fjon Fjellkyrkje.

HalloVenn vart arrangement for andre gong som eit alternativ til Halloween-feiringa i samarbeid med mange lokale kristne forsamlingar. Også i 2019 vart arrangementet utseld med 450 påmeldte barn, i tillegg til foreldre og mange frivillige. Heile kyrkja vart teken i bruk, i tillegg til nye Knarvik Arena, med mange ulike aktivitetar og mykje godteri. og fylt med store hoppeslott, trylling og ei rekkje ulike aktivitetar. Når ein arrangerer HalloVenn må ein legge opp arrangementet i samsvar med retningslinjer frå dei som har rettar til arrangementet. Det er eit allment arrangement og det skal vere utan forkynnande element.

I samarbeid med NMSU har det vore Leiarkurs for tidlegare konfirmantar i Knarvik kyrkje. 10. klassingar og 1. vgs-elevar har delteke i to ulike grupper. Dei 8-10 deltakarane har hatt praksis på leirar og i enkelte trusopplæringstiltak.

FACEBOOK OG HEIMESIDE

Facebooksida «Knarvik kyrkje» har rundt 1000 følgjarar og får god respons på innlegg om gudstenester, trusopplæringstiltak, konsertar m.m. Heimesida www.knarvikkyrkje.no har vorte oppdatert så langt det let seg gjera. Frå 1.1.2020 er det ei ny felles nettside for Knarvik sokn, www.kyrkja.no/knarvik med betre moglegheitlar.

UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

«ROSEPROSJEKTET»: Jubilarar får helsing frå kyrkjelyden frå dei fyller 80 år og kvart femte år etter det. Dei får ein blome og eit brev frå kyrkjelyden. Aud Palmesen har vore koordinator for dette arbeidet.

KYRKJEKONTAKTEN: Kyrkjelydsbladet kom ut med fire nummer. Inntektene er frivillige gåver og annonsar. Bladet gjekk med eit underskot i 2019. Det står kr 80 000 på fond til å gje ut bladet.

ØKONOMI / UMLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJELJELLAREN

Den verksemda soknerådet har ansvar for, baserer seg på innsamla midlar, i hovudsak kyrkjeoffer. Om lag 20 av 65 offer går til kyrkjelydsarbeidet eller Knarvik kyrkje og 2 til Alversund kyrkjelydshus.

Det var 25 faste gjevarar pr. 31.12. Desse bidreg med kr 157.000 pr. år.

Rekneskapan for 2019 blir lagt fram på årsmøtet.

Når ein tilskipar leiger kyrkja til konsertar eller andre arrangement, kostar det 15 % av billettinntektene med kr 3000 som eit minimumsbeløp. Det blei arrangert 32 konsertar i Knarvik kyrkje. Leigeinntekter frå andre kyrkjer i Lindås kyrkjelege fellesråd tilfell fellesrådet. I Knarvik kyrkje tilfell desse inntektene fondet som dekker lån og avdrag i Kyrkjekjellaren.

Kyrkjekjellaren blir leigd ut til familiehendingar og ulik møteverksemd. Fellesrådet betalar kr 150 000 i årleg leige for kyrkjekontora.

Inntektene frå konsertar og utleige dekka utgifter til renter og avdrag i 2019. I tillegg er Fond renter/avdrag Knarvik kyrkje tilført ca. kr. 8.000. Fondet er no på kr. 49.742.

Avdrag/renter på lån	Kr. 425 564
Konsertar	Kr. 139 249
Leige av kyrkjekontor	Kr. 150 000
Leigeinntekter i kyrkjekjellaren	Kr. 136 315

Soknerådet ser det som verdifullt at kyrkja blir brukt til ulike typar arrangement og samkomer. Det gir eit flott kulturtilbod i kyrkja, og mange frå soknet og bygdene rundt søker til kyrkja.

FOND FOR KYRKJENE

Gåver, takkoffer og gjevarteneste til Knarvik kyrkje på ca. kr. 78.000 er overført til fond for Knarvik kyrkje. På fond for Alversund kyrkje står det kr. 59.500.

Det som står på konto for Seim og Lygra sokneråd ved årsskiftet, vert sett på fond for Seim og Lygra kyrkje.

SLUTTORD

«Å byggje kyrkjelyd» er viktig for soknerådet. Det er viktig å skape gode møteplassar og gode gudstenestefellesskap, med rom for alle. Det er eit ønskje at kyrkjene våre står fram som opne, inkluderande, vedkjennande og misjonerande. Måtte kyrkjene våre, ved Guds hjelp, stå fram slik.

KNARVIK SOKNERÅD TAKKAR ALLE SOM PÅ ULIKE MÅTAR STØTTAR
OPP OM ARBEIDET I KYRKJELYDANE!
MÅ HERRENS VELSIGNING FØLGJE DYKK I TENESTA.